



VAL AV LAGRETTEMEDLEMMAR OG MEDDOMMARAR SAMT SKJØNNSMEDLEMMAR FOR PERIODEN 1. JANUAR 2017 TIL 31. DESEMBER 2020

Sandøy kommunestyre er pålagt å velge medlemmar til Lagmannsretten og meddommarar til Tingretten samt jordskiftemeddommarar til Jordskifteretten. Sandøy kommunestyre skal også framje forslag til skjønnsmedlemmar som skal velgast av fylkestinget. Valet gjeld for perioden 01.01.2017-31.12.2020.

Gje skriftleg melding til kommunen om du ynskjer eit slikt verv eller har forslag til kandidatar. Meldinga må inneholde opplysningar om namn, adresse, alder, telefon/epost, yrke/utdanning, noverande stilling og arbeidsgjevar sitt namn.

Kva oppgåver får du?

Lagrettemedlemmar/meddommarar er lekfolk som er med på å avgjere skyldspørsmål og dømme saman med juridiske fagdommarar i straffesaker og jursaker.

Jordskiftemeddommarar er lekfolk som har kyndigheit i dei fag som behandlast av jordskiftedomstolen jfr. Jordskifteloven § 8. jordskiftemeddommarar deltar som regel på befaringar i skog og mark, og dei som velgast må kunne ferdast i terreng og ha kjennskap til fagfeltet.

Skjønnsmedlemmar er eit utval av lekfolk som er spesielt kyndig på eitt eller fleire områder som vanligvis berørast av skjønn, jfr. Skjønnsloven § 14. dette gjeld særleg kompetane innan mekanisk, jord-og skogbruk og bygg-og anlegg.

Kva forpliktar du deg til?

Du kan regne med å bli kalla inn ein til to gangar i året. Dei fleste rettsaker varer frå ein til tre dagar, enkelte noko lenger. Vervet er ei samfunnsplikt. Dette innebærer at du får fri frå ordinært arbeid for å utføre vervet. Det vert godtgjort for tapt arbeidsforteneste.

Kven kan veljast?

Personar som er valbare er innbyggjarar i kommunen som har stemmerett i kommunestyrevalg. Det er eit krav at dei som vert valgt er over 21 år og under 70 (den øvre aldersgrensa gjeld likevel ikkje for skjønnsmedlemmar). Ein må ha gode norskkunnskapar og ikkje vere straffedømd. Ein må vere personleg eigna til oppgåva. Det er eit mål at andelen av lekdommararar med innvandrarbakgrunn aukast og innvandrarar vert oppfordra til å melde si interesse.

Personar som er utelukka:

Personer som er utelukka på grunn av stilling i hht. domstollova § 71 gjeld følgjande stillingar: statsråder, statssekretærar, statsrådens rådgjevarar, tilsette ved statsministeren sitt kontor, fylkesmenn, assisterande fylkesmenn, utnemnde og konstituerte dommarar og tilsette ved domstolane, tilsette i påtalemyndigheit, politi, kriminalomsorg, tilsette i Justisdepartementet. Politidirektoratet og Domstoladministrasjonen. Det same gjeld personar i styret for Domstoladministrasjonen, tilsette og studentar ved Politihøgskulen og Fengselsskulen, praktiserande advokatar og advokatfullmektige, kommunen sin administrasjonssjef eller kommunerådet sine medlemmar i kommuner som er organisert i samsvar med kommunelova kap.3, kommunale tjenestemenn som tar direkte del i førebuing eller gjennomføring av val.

Skriftleg melding til Sandøy kommune ved forslag til lekdommarar sender du til post@sandoy.kommune.no